



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Rundskriv

Til alle departement
Statsministerens kontor

Nr.	Vår ref	Dato
R-7/2008	08/4461 J/IMH/SBP	08.09.2008

Statsbudsjettet 2008. Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2008. Finansdepartementet ber derfor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2008 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld også saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet, kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon. Finansdepartementet gjer også merksam på at det kan vere naudsynt å sette ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 15. oktober 2008.

Forslaga skal fordelast på kapittel og poster med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1000 kroner:

- Rekneskap 2007
- Saldert budsjett 2008 + tilleggsøyvingar hittil
- Tilleggsforslag 2008

I Hovudbudsjettskrivet for 2009 blei departementa bedne om å sende inn overslag for behovet for tilleggsøyvingar for 2. halvår 2008 innan 15. august 2008. For at forslaga skal bli handsama, må departementa sende inn konkrete forslag nå. Det er ikkje tilstrekkeleg å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at Regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som blei godtekne. Fristen for å leggje fram slike proposisjonar er 14. november 2008.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2008 vil etter planen bli fremja i statsråd fredag 28. november 2008.

Med helsing

Espen Aasen
adelingsdirektør

Ingvild Melvær Hanssen
rådgjevar

Sakshandsamar: Ingvild Melvar Hanssen, tlf 22 24 41 42